

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Romjulssundag - 29. desember 2013

Preiketekst: Matt 2, 13-15

Lesetekst I: Sal 1, 1-6

Lesetekst II: 1 Tim 3,16

Barnet skaper reaksjonar

Born likar ofte å feira jul. Jul er ei populær høgtid i Noreg. Mange kyrkjer må ha to gudstenester julaftan for å få plass til alle som vil feira jul i kyrkja. Ingen andre høgtidsdagar kan konkurrera i popularitet. Det er veldig bra at Jesus er populær. Så langt det kjem an på Jesus, er alle menneske inviterte til å feira fødselen hans og tru på han. Sjølv om det skulle bli naudsynt med både seks og sju gudstenester i eitkvart kyrkjebygg over heile landet.

Det å gå på barselbesøk er koseleg, og nyfødde babyar er søte. Vi har ingen grunn til å tru at Jesus var forskjellig frå andre babyar i så måte. Både gjetarane og vismennene såg ein søt liten nyfødd baby då dei kom på barselbesøk. Så langt er alt normalt.

Og likevel ikkje. For dette barnet skapte reaksjonar. Rike kongeborn skaper nokre gonger oppstyr og intrigar på grunn av at dei gir opphav til forskyvningar i arverekka. Men i tilfellet Jesus snakkar vi om eit fattig barn, som eigentleg ikkje var interessert i å ta frå Herodes trona heller. Likevel var ikkje Herodes fornøgd med at det hadde kome vise menn frå Austerland til eit lite nyfødd barn i småbyen Betlehem. Herodes likte makt og ville gjerne sikra seg på alle vis. Derfor laga han planar om å få rydda den nyfødde babyen Jesus av vegen.

Konkurrent for mange

Kong Herodes var mange hakk meir paranoid enn dei fleste av alle oss andre. Han var ekstrem. Likevel skal vi ikkje sjå bort frå at den søte nyfødde babyen Jesus er ein konkurrent for langt fleire enn Herodes. Ikkje på den måten at Jesus vil pressa oss ut av stillinga vi har eller jaga oss ut av huset vårt. Men likevel, heile identiteten og heile vesenet til dette barnet stiller oss alle på val. Ting kan ikkje halda fram som før etter at vi kjem i kontakt med Jesus og begynner å finna ut av identiteten hans. Ein Frelsar i Davids by som er Messias og Herren (sml Luk 2,11), er såpass kraftige titlar at anten møter vi opp som gjetarane og vismennene i undring og tilbeding, eller så avviser vi Jesus, sjølv om langt frå alle gjer det like kraftig og offentleg som Herodes.

Ein baby er søt og dei fleste babyar er først og fremst det: Søte og nusselege. Men ein baby som er Frelsar i Davids by, og både Messias og Herren, stiller oss på val. Min Herre? Sjefen min? Kan denne babyen oppfylle alle profetiane Gud sende? Er denne babyen kongen, Den Salva og Guds bodberar? Er det viktig at babyen er ein ordentleg jøde og i slekt med kong David? Kan denne babyen frelsa meg? Er eg avhengig av dette barnet?

Herodes såg konkurransen dette barnet kom med. Det å vera avhengig av ein Frelsar i Davids by som er både Messias og Herren, blei for masse for Herodes. Herodes handla ikkje uvitande. Han hadde nok av overprestar og skriftlærde ved hoffet sitt som kunne forklara Guds plan og Guds profetiar for han. På ein eller annan måte visste Herodes langt inne at Guds profetiar hadde noko for seg, elles kunne han berre ha late babyen Jesus veksa opp som alle andre born i riket sitt. I staden blei Herodes redd og sint på dette barnet, så sint at det heile blei til ein voldsom massaker på guttebabyar i Betlehem.

Kor blir det avgjort om vi liknar mest på vismennene eller Herodes? Det står om den rettferdige at han "er lik eit tre planta ved rennande vatn. Det gjev frukt i rett tid, og lauvet visnar ikkje." (Sal 1,3) Kor er kjelda til identiteten? Eit tre som heile tida treng påfyll av vatn, blir ikkje trua av at det renn vatn i bekken ved sida av treet. Herodes var meir av den andre sorten, han som skulle ha kontroll og klara seg sjølv. Det var barnet som gjorde at det indre i hjarta på både vismennene og Herodes blei avslørt og synleg.

Stråleglans og flyktningestatus

Det er ganske merkeleg. Skal Gud først senda ein Frelsar i Davids by som er Messias og Herren, så kunne han ha ordna bittegrann meir stråleglans og glamour. Vel, det kom eit sterkt lys til gjetarane, og stjerna vismennene såg, må ha vore rimeleg sterk. Men er du både Herre, Messias og etterkomar av kong David, så kunne eg tenkt meg endå litt meir glamour. Det er trass i alt ikkje så ofte Messias kjem til jorda.

Men han som er Frelsaren, Messias og Herren må dra bort frå Davids by. Midt på natta, akutt og i skjul, må babyen Jesus, mor Maria og fosterfar Josef ut på langtur. Dei fekk melding frå ein engel, men det er så lite glamour det kan vera over det vesle flyktingetoget på tre personar. På grunn av intrigar og maktspel måtte han som er Messias og Herren, dra til Egypt akkurat som ein annan Josef òg hadde måtta dra til Egypt som slave og i full fornedring etter mange intrigar i ein dysfunksjonell familie (1 Mos 37). At medlemmar av Israels folk måtte dra i eksil til Egypt, var ikkje noko nytt. Profeten Jeremia blei òg teken til fange og ført til Egypt (Jer 43,4-7) etter at resten av Israelsfolket ikkje ville høyra på budskapet han hadde fått frå Gud (Jer 41,16-43,3).

Midt i alt som ikkje var som det burde vera – og i alle fall ikkje var som det eingong var i Edens hage - så verkar Gud. Ein dysfunksjonell familie, eit dysfunksjonelt folk eller ein dysfunksjonell konge hindrar ikkje Gud.

Det er dette som er mysteriet i Guds rike. Guds rike er som eit sennepsfrø som veks og blir stort (Matt 13,31-32), sa Jesus seinare. Eit lite barn som allereie var Frelsar, Messias og Herre, måtte flykta i skjul. "Han vart openberra i kjøt og blod" (1 Tim 3,16). Menneske av kjøt og blod blir før eller seinare ramma av handlingar og hendingar som ikkje er som dei

burde vera. Guds vilje skjer ikkje på jorda som i himmelen, ikkje endå (Matt 6,10). Kjøtet og blodet i babyen Jesus fekk merka det den natta dei starta på fluktruta mot Egypt.

Etterføljarane av denne Jesus, Frelsaren, Messias og Herren har òg mange gonger merka av at kjøtet og blodet i dei har vore med på fornedring. Eit dysfunksjonelt Israel eller ei dysfunksjonell kyrkje hindrar ikkje Gud. Mysteriet i vår gudstru er stort (1 Tim 3,16), for midt i alt som ikkje var som det burde, så blei Jesus "rettferdiggjord i Anden". Han hadde ei kraft i seg som skapte og fortsatt skaper tru og etterfølgjing. Ikkje så sjeldan har vegen for etterføljarane hans gått gjennom fengsel og martyrdød. Sjølv etter at babyen Jesus blei stor, har han gitt opphav til sterke reaksjonar. Barnet i krybba er søtt og nusseleg, men før eller sidan blir vi utfordra: Bøya oss som vismennene og gjetarane, eller gjera motstand som Herodes.

Midt i Guds kamp

Josef, Jeremia og Jesus dro alle til Egypt i fornedring. Nokre av dei og/eller etterkomarane blei lenge i Egypt. Gud kalla ut Israel av Egypt under Moses for å gjera dei til sin spesialeigedom (2 Mos 19,3-6) og å føra dei til Landet. Etter mange profetar, ein rekke omvendingar og mykje straff såg Gud at det måtte meir til.

Derfor fekk Israels Messias oppdraget å bli kalla ut av Egypt ein gong til, slik profeten Hosea hadde sagt om den første utgangen: "Då Israel var ung, fekk eg han kjær, frå Egypt kalla eg son min. Men jo meir eg ropa på dei, dess meir gjekk dei bort frå meg. Dei ofra til Baal-gudane, tende offereld for gudebilete. Det var eg som lærte Efraim å gå og tok dei på armen. Men dei skjøna ikkje at eg gjorde dei friske. Eg drog dei med menneskeband, med kjærleiks tau. Eg var lik ein som lyfter eit spedbarn opp til kinnet, eg bøygde meg ned og gav dei mat." (Hos 11,1-4) Det var mykje som var dysfunksjonelt i Israel.

Då Gud førte opp Son sin frå Egypt, han som var Messias og Frelsar, skulle han òg gjera som Israel hadde gjort før og som profeten Hosea hadde klaga over? Det skulle visa seg at ingen klarte å oppfylla Salme 1 så som Jesus. Han "har si glede i Herrens lov og grundar på hans lov dag og natt. ... Alt han gjer, skal lukkast." (Sal 1,2.3b)

Ein flukt om natta, eller noko anna traumatisk, tyder ikkje at Gud er borte. Sjølv Frelsaren, Messias måtte lida: "Endå han var Son, lærte han lydriad ved å lida." (Hebr 5,8) Når det dysfunksjonelle blir utfordra, medfører det at nokon må lida. Jesus blei jaga bort. "Ein tenar er ikkje større enn herren sin, og ein utsending er ikkje større enn den som har sendt han", sa Jesus (Joh 13,16). Ikkje rart mange av etterføljarane har lide mykje dei òg. Mysteriet i vår gudstru er stort, for Han som blei kalla ut av Egypt skulle bli den som fekk ære og som er i stand til å gie funksjonalitet og fridom til Israels folk og til folkeslaga.

Andreas Johansson

Stedleg representant i Israel for Den Norske Israelsmisjon

ncmi.israel.representative@gmail.com